



Knut Willie Jacobsen  
Garvik  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6247 - 20/26187

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
07.05.2020

## **Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 140/5 Erstad**

Tiltak: Tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 140/5  
Tiltakshavar: Sigvald Dale  
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.03.2020. Det er søkt om rammeløyve og dispensasjon frå LNF-føremålet og plankravet.

### **Plantatus**

Eigedommen er omfatta av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen vedteken 15.10.2019. Eigedomen og det aktuelle arelaet er i nemnde plan avsett til LNF med spreidd bustadbygging. Det ligg og omsynssone Landbruk over arealet. I følgje matrikkel opplysningar er det 3 bustadar på eigedom gbnr 140/5, samt bygg som har vore nytta på eit tidspunkt eigedomen var i landbruksdrift.

Av føresegna til KDP § 3.4.3 er det i tabell 6 opplyst at det for Erstad ikkje kan etablerast nye einingar i inneverande planperiode, men at eksisterande eigedommar kan det gjerast tiltak i samsvar med KDP § 2.2.1. Det er sett ei avgrensing i planen i høve til bygd areal (BYA) ikkje kan overstige 30 %-BYA og samla bruksareal (BRA) for alle bustad, garasje, og uthus ikkje kan overstige 400 m<sup>2</sup>. Landbruksbygg inngår ikkje i denne reknskapen.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå LNF-føremålet og Plankravet slik det er søkt om.

Det er i søknad berre gjort greie for BYA for bustaden som tilbygget er søkt etablert til. Dersom samla bruksareal for bustadane på eigedomen samt det planlagte tilbygget overskrider arealgrense på 400 m<sup>2</sup> BRA eller at samla bygd areal for bustadar, garasje/uthus og det omsøkte tilbygget overskrider 30 % BYA vil det måtte søkjast om dispensasjon frå KDP § 3.4.3, søknad om dispensasjon skal nabovarslast.

### **Estetikk**

Det planlagde tiltaket bryt vesentleg med arkitekturen i bustaden og då særleg med omsyn til takkonstruksjon. Vi vil tilrå at de vurderer å gjere tiltak for å tilpasse det planlagde bygget til eksisterande bustad. De vil måtte gjere greie for estetikken i tiltaket.

### **Ansvar**

Det er ikkje lagt ved korkje gjennomføringsplan eller erklæring om ansvarsrett, berre samsvarserklæring for arkitekturprosjektering. Det er ikkje gjort greie for tiltaksklasse.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Samla arealreknskap for det omsøkte tilbygget og eksisterande bustadar, garasje/uthus på eigedomen, eksisterande landbruksbygg treng de ikkje gjere greie for.
2. Søknad om dispensasjon frå KDP § 3.4.3 dersom tiltaket er i strid med grad av utnytting gjeve her. Søknad om dispensasjon skal grunngjevast ut i frå dei omsyna det vert søkt dispensasjon i frå.
3. Søknad om dispensasjon skal nabovarlast. Ved varsling vil vi tilrå at de i tillegg til gbnr. 140/42 også varslar gbnr. 140/33, evt. at de gjer greie for kvifor ikkje gbnr 140/33 treng varslast.
4. Ei estetisk vurdering av tiltaket, evt justerte teikningar tilpassa eksisterande bygg.
5. Blankett 5181 erklæring om ansvar må fyllast ut og sendast inn.
6. Blankett 5185 gjennomføringsplan må fyllast ut og sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.06.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

**Kopi til:**

Knut Willie Jacobsen  
Sigvald Dale  
Sigvald Dale

Garvik  
Erstadvegen 120  
Erstadvegen 120

5912 SEIM  
5911 ALVERSUND  
5911 ALVERSUND

**Mottakarar:**

Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912 SEIM